



Klokka 12 i dag var den første festivalcamparen på plass ved Dønhaughølen. Eirik Eidsvik trossa vindkast og regnskyll og såg med stor optimisme fram mot festivalopplevinga. Han må kallast superentusiast, for festivalcampen ligg berre vel 100 meter frå heimen hans - i luftline!

- Kvifor i all verda bur du ikkje heller heime i Skårhaug, var det naturlege spørsmålet frå uskedalen.no
- Det er ikkje så kjekt, var det kontante svaret og dermed var alle motargument uaktuelle.

Både Eirik og sambuar Stine Varne frå Stavanger meiner tydelegvis at når ein er på festival, skal ein oppleva han fullt ut.

Om femåringen Adrian får ei tidleg og sterk oppleving av festivalstemninga.

(Foto: Ola Matti Mathisen)